



J Tufteland AS
Postboks 131
5401 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4189 - 16/3380

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.02.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 202/156

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.12.15.

Vi seier oss leie for at saka har blitt liggjande lenge hjå oss utan vurdering.

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad med sokkelhusvære på eigedom gbrnr. 202/156. Det er opplyst at eigedomen etter gjennomført tiltak vi ha ei grad av utnytting på 12,17%. Samla bruksareal BRA er opplyst til om lag 221 m², og samla bygdareal inkl. parkeringsareal er opplyst til om lag 146 m².

Planstatus

Eigedomen er regulert til bustadføre mål i reguleringsplan Helleåsen/planid.: 1263-19032007, planen har status som gjeldande. Eigedomen ligg som tomt 11 i planen og har føringar på høgde OK gulv 1.etg på kote 56,5 moh., maks mønehøgde frå eksisterande terreng er gjeve til 7,5 meter og %-BYA er gjeve til 20%. Det ligg regulert byggegrense 4 meter frå tomtgrense. Det er ikkje opna for plassering av tiltak utanfor regulert byggegrense i føresegn til gjeldande reguleringsplan.

Innsendt situasjonsplan syner plassering av parkeringsplassar og vegareal, samt delar av mur og rekkverk mot sørvest utanfor regulert byggegrense i gjeldande plan. Det er ikkje søkt om dispensasjon for plassering av nemde tiltak.

Vatn og avlaup

Det er ikkje levert rørleggjarmelding (søknad om tilkobling og utføring av sanitæranlegg) for omsøkt tiltak. Det er ikkje dokumentert rett til å leggje, drifte og vedlikehalde privat VA-leidningar fram til tilkoblingspunkt.

Teikningar

Vi ber om oppdatert teikning over kjellarplan der kjøkkenfunksjon er skildra.



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Rørleggjarmelding (søknad om tilkobling og utføring av sanitæranlegg).
2. Oppdatert teikning over kjellarplan der kjøkkenfunksjon er skildra.
3. Det må dokumenterast rett til å leggje, drifte og vedlikehalde privat vatn- og avløpsleidning
4. Det må søkjast om dispensasjon for plassering av biloppstillingsplassar/tun og delar av terrengmur med rekkvert (mot sørvest) utanfor regulert byggegrense, evt. justert plassering av tiltak.
5. Søknad om dispensasjon evt. justert plasering av tiltak skal nabovarslast. Vi gjer merksam på at det ikkje er høve til henstilling av bil i frisiktsone.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Til orientering

Vi gjer merksam på at det ikkje vert gjeve mellombelsbruksløyve/ferdigattest for tiltak på eigedomen før det er gjeve mellombelsbruksløyve/ferdigattest på kommunaltekniske annlegg (veg, vatn og avløp) forbi eigedommen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Justyna Hajduk og Krystian Niemiec Viddalen 20 5122 MORVIK

Mottakarakar:

J Tufteland AS Postboks 131 5401 STORD